



Aukra kommune

**VEDTEKTER**  
**SOM SKAL SIKRE KVALITET**  
**I AUKRABARNEHAGEN**

**RÅDMANNEN**

Vedteke i Aukra kommunestyre 18. oktober 2012, sak nr. 105/12. ePhorte 12/420-3.

**Dei kommunale barnehagane i Aukra skal drivast i samsvar med barnehagelova, og dei føresegner og retningslinjer som til ein kvar tid er fastsett av departementet, kommunale vedtak og planer for den enkelte barnehage.**

**Aukra kommune eig og er ansvarleg for dei kommunale barnehagane.**

**Kommunen er lokal barnehagemynd og har barnehagefagleg kompetanse over barnehagenivået. Kommunen gjev rettleiing og ser til at barnehagane vert driven i samsvar med gjeldande regelverk.**

## **§ 1 FØREMÅL**

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»*

Barnehagelova

## **§ 2 ÅRSPLAN**

Årsplanen skal bygge på barnehagelova med forskrifter. Den skal vere eit arbeidsgrunnlag for personalet og vere styrande for aktivitetar i barnehagen. Planen skal bidra til å sikre progresjon i arbeidet i høve til alder og modning.

## **§ 3 OPPTAK**

Opptak vert gjort administrativt av rådmannen etter innstilling frå styrarane. Kommunestyret skal ha melding om opptak.

Kommunen legg til rette for ein samordna opptaksprosess slik at likebehandling av barn, og likebehandling av kommunale og private barnehagar, vert sikra.

### Opptakskriterier

Barnehagelova §12 a regulerer retten til plass.

Retten til barnehageplass gjeld for barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass. Retten skal oppfyllas frå august månad det året det vert søkt om plass.

Barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barneverntenester § 4-4 andre og fjerde ledd og § 4-12, har etter søknad rett til plass, og går framom ved opptak til ønska barnehage – uansett alder og søknadstidspunkt.

Barnet har rett til plass i den kommunen det er busett i.

Kommunen har eitt hovudopptak. Søknadsfristen er 1. mars.

Ved ledig kapasitet gjennom året, vil ein kontinuerleg ta inn aukrabarn frå ventelista. Barnet må vere fylt eitt år. Ved fleire på venteliste, vil ein prioritere etter følgjande rekkefølge:

1. Barn med spesielle behov der barnehageplass er tilrådd av fagleg instans som PPT, lege eller helsesøster.
2. 5-åringar som ikkje har gått i barnehage før.
3. Barn frå familiar der begge foreldra/einsleg forsørgjar er i arbeid/under utdanning.
4. Stiller barna elles likt, skal den som har søkt først ha fortrinn til ledig plass.

Om barnehagen ikkje har barn på venteliste, og samstundes har ledig kapasitet, kan barnehagen ta inn barn busett i andre kommunar for eitt år om gongen. Gjestebarn kan seiest opp med 3 månaders oppseiingsfrist.

Ved tildeling av barnehageplass skal føresette gjerast kjend med barnehagen sine vedtekter.

Barn i Aukra kommune som har fått barnehageplass, har tilbodet inntil dei startar på skolen.

Om nokon ønskjer å endre tildelt tilbod, må dei søkje om dette.

Klage på opptak vert sendt til kommunal klagenemnd via rådmannen.

#### Helseattest

Før eitt barn tar til i barnehagen skal det leggjast fram fråsegn om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til dei ordinære undersøkingane på helsestasjon, kan barnet sine føresette gi slik fråsegn.

#### Oppseiing av plass

Oppseiing av plass skal sendast skriftleg til styrrar 1 månad før barnet skal slutte.

Oppseiingstida vert rekna f.o.m. 1. i månaden etter at skriv om oppseiing er datert, og ein månad framover. Barnet har høve til å behalde plassen i oppseiingstida.

Ved sluttdato i månadene april, mai og juni blir det kravd foreldrebetaling for resten av barnehageåret. Det vil seie at det er tre månader oppseiingstid etter 1. mars.

Døme: oppseiingstid datert i mars, oppseiingstid blir f.o.m. 1. april og tre månader framover. Unntak frå denne regelen kan gjerast av rådmannen etter skriftleg søknad.

#### **§ 4 RETT TIL EIT GODT FYSISK OG PSYKOSOSIALT MILJØ**

Alle barn Aukrabarnehagen har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og barna sitt leike-, omsorgs- og læringsmiljø.

Alle barn har rett til eit barnehagemiljø som er tilpassa den enkelte sitt behov.

Om barnehagen blir klar over sider ved barnehagemiljøet som kan ha negativ verknad for barna si helse og sikkerheit, skal foreldra snarast mogleg verte varsla.

##### Det fysiske miljøet

Det fysiske miljøet inne og ute skal vere trygt og pedagogisk utfordrande. Miljøet skal gi alle barn allsidig bevegelses- og sanseerfaring og moglegheit for mestring og utvikling.

##### Det psykososiale miljøet

Barnehagen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der det enkelte barnet kan oppleve respekt, tryggleik, omsorg og sosialt tilhør.

#### **§ 5 FORELDRERÅD**

Foreldre og føresette til alle barn i barnehagen er automatisk medlem av foreldrerådet.

Foreldrerådet

- skal velje ein/to representantar frå foreldra til samarbeidsutvalet for barnehagen
- vel sin eigen leiar
- skal fremje samarbeidet mellom heim og barnehage
- skal ha høve til å uttale seg i saker som er viktig for foreldra sitt tilhøve til barnehagen
- har rett til å fremje saker som er av felles interesse for foreldra

Ved avstemming i foreldrerådet gjeld ei stemme for kvart barn.

Det skal minst vere 2 møter årleg. Referat vert skrive.

#### **§ 6 SAMARBEIDSUTVAL.**

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval i samsvar med forskrift til barnehagelova.

Samarbeidsutvalet

- skal vere rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ som serleg skal ivareta samarbeidet mellom barnehagen og foreldra.
- skal fastsette barnehagen sin årsplan.
- skal sjå til at barnehagen vert driven innanfor dei rammene som gjeldande lover, forskrifter, vedtekter og budsjett tilseier
- har mellom anna rett til å uttale seg i saker om:
  - barna sitt fysiske og psykososiale miljø

- innhald i barnehagen
- barnehagen sitt budsjett
- driftsformer
- endringar av vedtektene

Samarbeidsutvalet har slik samansetning:

- To representantar for foreldra, valt for eit driftsår om gongen.
- To representantar frå dei tilsette, valt for eitt driftsår om gongen
- To representantar frå kommunen, valt for ein valperiode på 4 år.

Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv. Styrar har møte-, tale- og forslagsrett.

Styrar skal vere sekretær for utvalet og førebu saker. Det skal minst vere 2 møte i året.

## **§ 7 FORELDREBETALING**

Maksimalgrensene for foreldrebetaling vert fastsett i stortinget i det årlege budsjettvedtaket. Kommunen fastsett administrativt foreldrebetaling for deltidstilbod.

Det vert kravd ekstra betaling for kost i barnehagane. Barnehagane sitt samarbeidsutval vurderer i samarbeid med styrar, satsen for kostbetaling.

Foreldrebetaling blir kravd inn med lik månadsbetaling over 11 månader i barnehageåret.

Tildelt plass kan trekkjast tilbake dersom ikkje betaling har skjedd til forfallsdato sett til første ordinære purring. (Når rekning vert betalt etter forfall, vert det rekna morarenter i samsvar med ordninga for andre kommunale avgifter.)

I samband med kontroll av utbetaling av kontantstøtte etter kontantstøttelova har kommunen register til bruk for NAV.

## **§ 8 OPNINGSTID OG OPPHALDSTID**

Barnehagen er ope frå 07.00-16.30.

Ved seinare henting må foreldre betale kompensasjon for overtid. For kvar påbegynte halvtime vert det rekna kr 250,-.

Dagleg oppholdstid bør ikkje vere meir enn 8,5 timar.

## **§ 9 FERIE**

Barna skal ha 5 veker ferie gjennom året. 3 veker skal vere samanhengande. Den fjerde veka kan vere jul/påske/vinterferie.

Dei 5 studie- og planleggingsdagane gjennom året vert rekna som den 5. ferieveka.

### Sommarferie

Føresette må melde frå om 3 veker samanhengande ferie for barnet i perioden frå og med 1. juni – 15. august med frist 1. mai.

### Jul

Barnehagane er stengt jule- og nyttårsaftnen. Kvardagane i romjula har vanleg opningstid. Føresette må melde frå om barna kjem i barnehagen i romjula.

### Påske

Barnehagen har vanleg opningstid måndag og tysdag i påskeveka. Onsdag før skjærtorsdag er det stengt frå kl. 12.00.

Føresette må melde frå om barna kjem i barnehagen i påskeveka.

## **§ 10 BEMANNING**

Bemanninga må vere tilstrekkeleg til at personalet kan drive ei god pedagogisk verksemd.

### Grunnbemanning:

Talet på barn i kvar avdeling kan variere.

Det skal minimum vere ein pedagogisk leiar per 14-18 store barn.

Det skal minimum vere ein pedagogisk leiar per 7-9 små barn.

1/3 av personalet i barnehagen bør ha kompetanse som barne- og ungdomsarbeidar.

Barna vert definert som treåringar (store barn) frå den 1. i den månaden dei fyller 3 år.

## **§ 11 PERSONALE**

### Politiattest

Alle tilsette skal levere godkjent politiattest, jf. politiregisterlova § 39 første ledd.

### Teieplikt

Alle tilsette har teieplikt, jf. forvaltningslova §§ 13 til 13f tilsvarane.

### Opplysningsplikt til barneverntenesta

Personalet i barnehagen skal i arbeidet vere merksame på tilhøve som kan føre til tiltak frå barneverntenesta. Personalet har opplysningsplikt etter Lov om barneverntenester §§ 4-10 til 4-12. Personalet plikter å gi informasjon etter førespurnad frå barneverntenesta.

Opplysningane vert normalt gitt av styrar.

## **§ 12 AREALUTNYTTING**

Norm for leike- og opphaldsareal.

- For barn under 3 år: 6m<sup>2</sup>
- For barn over 3 år: 4m<sup>2</sup>

Barna sitt leikeareal ute bør vere minst 6 gonger leike- og opphaldsareal inne.

## **§ 13 INTERNKONTROLL**

Kvar barnehagen skal ha eit system for internkontroll. Systemet skal sikre at krav i lover og forskrifter vert oppfylt. Styrar er ansvarleg for å oppdatere og følgje opp systemet.

## **14. VEDTEKTER**

Vedtektene skal gi viktige opplysningar om forholdet mellom foreldre og barnehage. Vedtektene tar sikte på å utdjupe dei føreskriftene som til ei kvar tid er vedteke av departementet. Elles gjeld føreskriftene etter Lov om barnehagar.

Vedtektene gjeld frå 01.01.13.